

---

Vår referanse 2020/43595-6  
Dato 12.01.2021

---

SAMNØY MASKIN

5947 FEDJE

### Krav til ferdigstilling av avkjørsle – Fv 5510 - gnr 169 bnr 1 - Fedje kommune

Vi viser til bilde av den nye avkjørsla som du sende oss 18.12.2020. Vi har nokre merknader til det som er gjort. Her er ei punktliste over tiltak som må gjerast før vi kan ferdiggodkjenne avkjørsla:

1. Svingradius må markerast med avvisande kant i form av mur. Muren må byggast som ei forlenging av eksisterande mur langs vegen og inn i avkjørsla, langs kurvene i svingradiusane på begge sider av avkjørsla. Dette for å unngå kollisjonspunkt som kan skape trafikkfare. Muren må settast opp slik at vegen ikkje blir smalare enn den er i dag.
2. Det må skjerast og fresast i eksisterande asfalt og ny asfalt skal leggast slik at det ikkje oppstår bruddkantar i overgangen mellom ny og gammal asfalt. Dette må gjerast i heile breidda på avkjørsla, frå midten av vegen og ein meter inn i avkjørsla. Det må gjerast på tilsvarende måte som møtelomma som fylkeskommunen nyleg har etablert like ved.
3. Vegmerkinga langs fylkesvegen gjennom avkjørsla må merkast opp på nytt.

Dersom du har spørsmål til den praktiske gjennomføringa av asfaltering, kan du ta kontakt med Johannes Skartveit Dale på drift hos oss, tlf. 97630711.

Med helsing

Hege Løtveit  
leiar

Kari Elster Moen  
senioringeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen håndskrivne underskrift*

Kopi til:

FEDJE KOMMUNE Stormarkvegen 49